



Justis- og politidepartementet
Innvandringsavdelinga
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Oslo, 8. oktober 2010

Vår ref.: 427.4/LRK
Dykkar ref.: 201004881

HØYRINGSSVAR FRÅ LNU – ENDRINGAR I UTLENDINGSFORSKRIFTA OG UMLENDINGSINTERNATFORSKRIFTA

LNU viser til brev fra Justis- og politidepartementet av 30. august 2010, der departementet bed om kommentarar til framlegg om visse endringar i utlendingsforskrifta og utlendingsinternatforskrifta.

LNU takkar for mulegheita til å gje innspel, og sender med dette våre kommentarar til to av endringsframlegga.

Ny § 18a i utlendingsinternatforskrifta

LNU ser svært positivt på at det blir teke inn ein regel om at internasjonale og ikkje-statlege organisasjonar skal ha mulegheit til å besøkje norske utlendingsinternat. Det er viktig at sivilsamfunnet

Endringar i § 4 i utlendingsinternatforskrifta

LNU ser positivt på at familiens rett til å vere saman under fengslingsopphald blir presisert i forskrifta. Familieomgrepet blir ikkje nærare definert.

LNU vil oppmode til at departementet utformer forskrifta på ein slik måte at ho ikkje blir til hinder for at to eller fleire personar som sjølve oppfattar seg som familie, ikkje får vere saman eller dele rom når dei oppheld seg på utlendingsinternat. Det gjeld særleg barn som kjem til Noreg saman med andre slektningar enn foreldrane, til dømes sysken, eller saman med ikkje-slektningar som dei opplever som sine omsorgspersonar.

Departementet føreslår vidare mulegheit for unntak frå retten til samvere og eige rom når det er ei uføresett stor byrde på kapasiteten til utlendingsinternatet.

LNU viser til artikkel 9 i Barnekonvensjonen, som Noreg er part i, der det heiter at "[p]artene skal sikre at et barn ikke blir skilt fra sine foreldre mot deres vilje, unntatt når kompetente myndigheter [...] beslutter at slik atskillelse er nødvendig av hensyn til barnets beste."

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)

The Norwegian Children and Youth Council
El Consejo de la Juventud de Noruega

Øvre Slottsgate 2 B,
NO-0157 Oslo
Telefon +47 23 31 06 00
Telefaks +47 23 31 06 01
lnu@lnu.no
www.lnu.no

Org.nr.: NO 971 435 739
Bankkonto: 8398 05 05475
SWIFT: HANDNOKK
IBAN: NO24 8398 0505 475

LNU vil derfor oppmode til at det blir presisert i forskrifta at mulegheita for unntak frå retten til samvere ikkje gjeld mindreårige barns rett til å få vere saman med ein eller begge foreldrar under opphald i utlendingsinternat.



Med helsing
Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjoner (LNU)

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Bjarne Dæhli', is positioned above the printed name.

Bjarne Dæhli
leiar

A handwritten signature in black ink, appearing to read 'Tale Hungnes', is positioned above the printed name.

Tale Hungnes
generalsekretær

